

17.MAI LEIKANE 2016

Førebuingar:

Det å samla inn premiar til leikane i nedgongstida me opplev no har vore ei stor utfordring. Me klarte totalt å samla ca 2000 mot 3000 året før. Me måtte utvida søket mykje i høve til mail-lista me overtok frå 2015. (Ligg 100+ småpremiar igjen på 17.mai rommet)

Gjennomføring:

Me hadde 7 stasjonar; fisking, hesteskokasting, ertepose-kast, spikring, pilkast, fotballslålåm (ny) og potetløp (ny).

Premiane vart fordelt likt i høve type premiar på sju sekker. Kun 1 premie ved utført leik, den med ansvar for stasjon plukka ut premie, ingen byting (byt med ein ven). Me nytta oppsett frå tidlegare år med arbeidsfordeling; 2 økter a 1 time, ein elev med føresettt pr økt på kvar av stasjonane. Husk å skriv mobilnummer på lista. (Få tak i oppdatert klasseliste). Be om tilbakemelding på at arbeidslista er motteken og at dei stiller. Nokre tidlegare år har det vore loddsal og "tipp antall i krukke" i tillegg til leikane. Dette hadde me ikkje i år.

Utstyr:

*Fiskinga vart litt tungvint, oppheng av pressening, dårlige fiskestenger o.a. Kanskje på tide å finna på ein ny stasjon?

*Ligg ekte hestesko der, er noko tunge. Her kan det vurderast å investera i eit hesteskospel i plast evt nytt ringspel.

*Erteposar og bøtter er det bra med.

*Til spikring lånte med hamstrar frå sløyden og fekk sponsa ein stor tverrkappa stubbe frå eit trevare firma. Det ligg bra med spikrar igjen.

*Pilspelet er bra, ligg og nye på 17.mai rommet.

*Til fotballslålåmen lånte me fotballar og kjegler frå gymsalen.

*Til potetløpet hadde me med poteter, bøtter er det nok av.

Vurdering:

Me i komiteen og fleire av dei føresette kunne ønska at dette med premiar kan verta løyst på anna vis i framtida. Kva med å ha ei ordning der ein må gjennom alle stasjonane før ein kan henta seg premie? Dette kan løysast med klippekort, stempling eller noko anna lurt. Døme på premiar kan vera ballongar, små karamellar e.l. Dette vil gjera det meir likt for alle og kanskje til og med meir spennande for barna som no må innom alle dei ulike stasjonane. Det er ein eigen konto for 17.mai ved skulen som kan nyttast til å finansiera desse premiane (og andre utgifter) eller ein kan be om sponing. Ved spørsmål om sponsorstøtte kan det vera greit å spør om ei pengestøtte der ein kan sjølv kjøpa premiane.

Dette er 2016- komitèen sine erfaringar og tankar kring 17.mai leikane. Takk for oss!

Vivian B. Skår